

Deltakarar FM for UB Træffhuset, Molde:

Opplysningar og TIPS før FYLKESMESSA 14. mars.

Program -mottak – parkering – rigging:

08.30 – 10.30.	Registrering og rigging. All rigging skal vere ferdig kl 10.30
11.00 – 12.00	Åpningsseremoni
12.00 - 15.00	Sals-utstillinga er open
15.00 – 16.00	Demontering av stand / Juryene dømmer ferdig
16.00 – 17.00	Sluttseremoni

Gjer avtale med bussjåføren om at han finn ut kor han skal parkere bussen under messa. Gjer sjåføren merksam på at det er mange som skal lesse av kring hallen, slik at han kan planlegge lossinga.

Lokale – straum:

I Træffhuset leier vi handballhallen, samt grupperom i 2 etasje. Seremoniane/Scena vert midt i utstillingsområdet. Publikum sit på tribuna. Det skal ikkje vere aktivitet i salen under seremoniane.

Straum til lys og PC vert lagt fram til alle stands. **Bord – er bestilt til dei som har kryssa av.** Vi har ikkje stolar til utlån. Det nyttar ein helst ikkje på stand.

Beste UB-konkurransen:

Deltakarane er delt i to puljar A og B. Dei skal ha scenepresentasjon parallelt i to eigne rom. Juryen kan/vil stille spørsmål i etterkant av presentasjonen. Vi set av ca 15 min til kvar UB. Publikum har tilgang til scenepresentasjonane. Deltakarane i denne konkurransen får tidsskjema på e-post.

Innsending av PowerPoint til denne konkurransen er 7. mars. Adresse er kirsten.aure@mrfylke.no - Ikkje lag presentasjonane for "tunge" og avanserte. Film og lyd på PP er ikkje lov!

Mat:

Vi serverer gratis lunsj til alle deltakarane. De får utdelt matbilletter. Det er også kiosk i Træffhuset med vanleg kioskvarer. Ta gjerne med matpakke, frukt etc. Det er ein lang dag. **Det vert pauserom for lærarar i 2. etasje i hallen frå kl 12.00 - den 14. mars.**

Sal av mat frå stand:

Det er tillatt så lenge dette er UB-en sin forretningsidé. Ta kontakt dersom dette krev ekstra utstyr. Hugs søppelbøtter.

Mat og smaksprøver på stand: Hugs å ha med godkjenning frå mattilsynet!

Pris/reisestøtte:

UE MR ønskjer at Fylkesmessa skal vere gratis for elevar med UB. Våre kostnader utgjer ca Kr 4000 pr ungdomsbedrift. Frå 2012 er det heilt slutt med Frifond-støtte og reisestøtte frå Innovasjon Norge. UE MR må difor finansierte arrangementet på andre måtar.

Styret har likevel bestemt at deltakarane på FM for UB skal få 50 % dekning av rimelegaste reisemåte. Skjema kjem. Ta vare på kvitteringane.

**NB! Det skal være EI = 1 reiserekning pr skole (ev pr avdeling på store skolar)!
Rekningar frå enkeltpersonar vert ikkje utbetalt. Vi har ikkje midlar til kostgodtgjersle, overnattingar eller vikarutgifter.**

Overnatting:

Dersom de kjem dagen før så er det skolen sitt ansvar. Vi organiserer ikkje overnatting og gir heller ikkje støtte til det. Skolen v/lærer har oppsyn med sine elevar. **Alle våre arrangement er rusfri!**

For rigging:

Ta med det du treng av utstyr til din stand. Hugs ekstra straumkabel, verkty etc. Ta heller med for mykje enn for lite. Info om stand er sendt ut tidlegare. Du finn dei òg på www.ue.no. Jobb raskt og innafor ”ditt” område. Hjelp kvarandre om de kan. Veggane skal vere heilt reine etter bruk.

Rigging dagen før – 13 mars: Vi har avtalt at de kan rigge stand mellom 16.00 og 19.00.

Minner om:

Kvitteringsblokk. Bestillingsliste / skjema. Korleis skal de ev. levere varene? Frakt? (Tenk over leveringsfristar). Visittkort. Nok brosjyrer. Vekslepengar. Trygg plass for kontantar. Personleg namneskilt med namn, UB og skule ”gjer seg”. Hald standen fri for unødvendig rot. Det vert **ubetjent lagring** bak ein del av utstillinga. Crew viser.

Ikkje stå for mange på stand om gongen. Den som står på stand er på ”jobb” og har merksemda vendt mot kundane. (Ikkje småpising, tyggegummi, mobiltelefon) Standen er publikum (og juryen) sitt ”bilete” av bedrifta.

Tren på å vere ein god seljar og serviceperson.

Levande lys brukar vi ikkje lenger. Bruk batteri-lys!

Opningsseremonien!

VER PRECIS! Alle skal vere på tribunane medan seremoniane pågår. Ingen aktivitet i utstillingsområdet. Crew går vakt.

Senepresentasjonar: Sjå oppslag om møterom: Det er lov å gå ut/inn når ingen er på scena. Crew avgjer. Deltakarliste vert sett opp. Crew hentar deltakarane på stand.

Sluttseremonien: Kl 16.00 – ca 17.00. Alle bør vere med – heilt ut! **Uttak til NM kjem heilt til slutt – og alle har sjansen!**

Oppførsel:

På messa representerer de bedrifta, skulen og Ungt Entreprenørskap, både på messeområdet, i byen og på veg til og frå. **Vi forventar at alle viser god oppførsel.** Under seremoniane skal det vere ro i salen. Følg instruksane til vårt ”crew”.

Dersom bedrifta er misnøgd med plass, utstyr etc., er det dykkar oppgåve å gjere det beste ut av situasjonen – der og då! Sjansen kjem ikkje att! Å vise kreativitet i slike høve er god entreprenørskap!

Jury:

Juryen gjer dette på dugnad. Vi forstår at de syns at alle kan få tilbakemelding, men slik vert det ikkje. Messe-dagen er svært hektisk. Juryen si oppgåve vert å peike ut dei 3 beste. Det betyr ikkje at dykkar bidrag er dårleg!

Juryen vil ha på seg namneskilt.

Deltakardiplom:

Ungt Entreprenørskap meiner at å stille på messa med stand er ein siger i seg sjølv. Vi veit det ligg mykje arbeid bak. Vi ønskjer difor å gje kvar bedrift ein deltakardiplom.

Den vert delt ut av styremedlemmer som vitjar dykk på stand.

Ta deg tid til å studere dei andre UB-ane og ta med nyttige tips tilbake til eiga bedrift. Det er mykje å lære av andre. **Ta vare på kvarandre i bedrifta og pass på at alle har det moro!**

§§§§§§§§§§

NM-NM-NM-NM-NM-NM-NM-NM-NM-NM**Info til dei som vert uttatt til NM på Lillestrøm 25. -26. april:**

Dei to beste bidraga i konkurransane 1 - 4 vert sendt vidare til NM i Oslo (Berre innlevert bidrag – ikkje deltakarane). Dei får gjere forbetringar – om ønskjeleg.

Beste Brosjyre vert ikkje arrangert på NM. Vinnarane der går derfor ikkje vidare.

Innlevering av NM-bidrag til oss er: Fristane er uhyre knappe i år!!

- Film skal leggest i posten måndag 18. mars.
- Alle digitale innleveringar – i PDF – 19. mars før kl 14.00.

4 ungdomsbedrifter får tilbod om å delta på NM. Det er nr 1 i Beste UB og nr 1 i Beste Innovative Produkt. Dei 2 siste plassane vert vurdert av ein eigen komité. Komiteen vitjar alle utstillingane og held seg orienter om alle konkurransar/vinnarar.

Kriteri for å bli med til NM (dei 2 ekstraplassane):

- **Kvalitet** (komiteen ser særleg på konkurransane utstilling, handverk, mat, kultur).
- **Læringseffekt.**
- **Mobilisering** (region/skolar som ikkje har deltatt på NM tidlegare/dei siste åra)

Vi ber om at dei UB-ane som skal til NM blir att for fotografering og litt informasjon.

*Velkommen til Fylkesmessa 2013!
Vi ønskjer dykk alle ein fin, lærerik og morosam dag!*

Ungt Entreprenørskap Møre og Romsdal
v/ Kirsten Aure